



Denne skissa viser kvar hytte er tenkt lagt.

**Fylkesmannen klagar no på kommunen sitt vedtak om å gje dispensasjon frå plan- og bygningslova slik at Thomas Fjelland Eide får byggja hytte ved Mannsvatnet. Området er sett av til LNF-føremål i gjeldande arealdel til kommuneplanen og fylkesmannen kan ikkje sjå at det føreligg særlege grunnar for å gje dispensasjon.**

Forvaltningskomiteen fatta positivt vedtak i juni, men fylkesmannen peikar på at dette ikkje er i samsvar med arealføremålet i kommuneplanen og i strid med bygge- og deleforbodet i gjeldande plan.

Fylkesmannen meiner at hytta vil få ei landskapsestetisk uheldig plassering og kunna skapa uheldig presedens med omsyn til å opna området rundt Mannsvatn for fritidsbustader. Fritidsbustaden er planlagt omlag 30 meter frå vatnet og ha ein storleik på 65 kvadratmeter.

Etter fylkesmannen sitt syn vil hytta bryte med det urørte området langs vatnet og få ein dominerande og landskapsmessig uheldig effekt. Området ligg over tregrensa, og hytta vil liggja svært eksponert mot vatnet.

Fylkesmannen finn også grunn til å påpeika dei uheldige følger ein dispensasjon kan få i form av presedens. Det er mange mindre teigar som grenser mot vatnet og ein dispensasjon i denne saka vil kunna opna for uheldig presedens i høve til fritidsbygging i området. På sikt vil dette kunna bidra til å svekka planverket og utvatna arealføremåla.

Av Ola Matti Mathisen



Mannsvatnet sett frå Solfjell. Den aktuelle hyttetomta ligg på venstre side, ved halvøya. (Foto: Kristian Bringedal)